

STYREMØTE 23. nov.-21

kl. 16 - 18 på biblioteket.

Desse møtte:

Solveig Linge Stakkestad, Bjørg Sætren Kleppe, Nelly Ytterlid,

Mette Marie Døving, Mette Natland Valdal, Anne Nygård,

Petra Jemtegård og Sunneva Linge.

Solveig opna med diktet «Å vere dristig» av Bente Bratland Meland.

Sak 01/21-22 Referat og orienteringar

* Kl. 18 er beste tidspunkt for styremøte.

* VBK gav kr.3500 til Skomakargata i 2021.

Sak 02/21-22 Konstituering

Framlegg: Nestleiar- Bjørg, kasserar- Nelly, studieleiar- Mette V,

skrivar-Sunneva, styremedlem - Mette Marie.

Samrøystes vedtak.

Sak 03/21-22 Kontaktpersonar i styret for gruppene

Styret stilte seg positive.

Styret med 1. og 2. vara fekk desse oppgåvene:

Leiar Solveig: Post og administrasjon.

Nestleiar Bjørg: Årsplanbrosjyre, media/plakat,

Kontakt for kafegruppe, Sansehage og Quiz.

Kasserar Nelly: Rekneskap, kontakt for Nyføddgåve,

ansvarleg for fødselsdagsblomst og årar.

Styremedl, Mette M. Seterboka, gevinstar, kontakt for

Vertinnegruppene.

Styremedl. Mette V. Studieleiar, verving.

1. vara Sunneva: Skriv referat frå styremøte og tilstellingar,
info ut til alle medlemmer.

2. vara Anne Kontakt for tur og aktivitetsgruppa, medlem i

gruppa.

Sak 04/21-22 Førehjulshygge 9. des.

Torsdag 9. des. på biblioteket.

Idemyldring, åresal og gevinstar. Gløgg og kaffi med peparkake og
julekake.

Info til medlemene.

Sak 05/21-22 Jubileum 2022

VBK var stifta 10. mars 1932.

Markering på dagen på hotellet? for medlemmer.

Valldal Hornmusikk er også 90 år i 2022. Solveig tek kontakt og
høyrer om vi kan

lage ein felles fest ut på hausten.

Sak 06/21-22 VBK 90 år historie

Mette Marie, Petra, Solveig og Randi Flø? dannar ein komite og lagar
eit VBK-hefte

med innhald frå gamle protokollar og skriv. Solveig kontaktar Randi

Flø.

Sak 07/21-22 Påskjøning til gruppene
Framlegg om eit matmåltid i januar.

Sak 08/21-22 Møteplan
Styremøtedatoar: Tysd.11.jan, tysd. 8.feb, tysd. 2.mars, tysd. 5.apr,
tysd. 3.mai, tysd. 7.juni.
Datoane kan bli flytta om det trengst.
Kaffiansvarlege for styremøte:
Januar: Solveig. Februar: Bjørg. Mars: Nelly. April: Mette Marie. Mai:
Mette V. Juni: Sunneva.

Sak =9/21-22 Høyringsaker. Politisk plattform og årsmøtedato
Solveig sender inn svar. Styremedlemer sender ev. merknader til
henne.

Sak 10/21-22 Eventuelt
! Bjørg: Orientering om Quiz: 18 møtte, positiv respons. Eva Hilde er
Quizmaster ei tid framover.
Siste onsdag i månaden kl. 12-14 blir det Quiz på biblioteket.
2 Bjørg: Spørsmål frå kommunen om å vere med på lys i Sansehage,
grantre ved VTS.
Vedtak om at vi går for Sansehagen og gir inntil 1500 kr til føremålet.
3 Bjørg: Distriktårsmøte blir 26. - 27. feb. i Ålesund.
4 Solveig: Laget har fått kr. 2510 i coronamidlar for 8. mai tilstelling
som ikkje vart som tenkt

Sunneva Linge skrivar.